



Vår ref.:  
2021/2-4

Sakshandsamar:  
Rita Hansen

Dato  
01.06.21

## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

### REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 100521

Møtestad: Revsnes hotell  
Møtetidspunkt: 10. mai 2021 kl 1000 - 1400  
Desse møtte: Steinar Kyrvestad, Valle kommune  
Jon Rolf Næss, Bykle kommune  
Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune  
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune  
Inger Lise Lund Stulen, Åseral kommune  
Rita Hansen, Setesdal IPR

| Sak   | Merknad                 | Ansvar /frist |
|---|-------------------------|---------------|
| <b>Godkjenning av referat fra møte 15. april 2021</b><br><br>Referat godkjent.<br><br>Referat fra møte i ordførarutvalet gjeng som referatsak til styre og publiseras på <a href="https://www.setesdal.no/ordfoerarutval.540999.no.html">https://www.setesdal.no/ordfoerarutval.540999.no.html</a><br><br>Førebels held ein fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida og ikkje nytt den ordinære innsynsløysinga. |                         |               |
| <b>1 – Innleiing til møte v/Steinar</b><br><br>Ordførarutvalet avventar å ta til med bedriftsbesøk osv til me har ein meir permanent betring i pandemisituasjon.  |                         |               |
| <b>2 – Kort oppdatering, administrasjonen v/Rita</b><br><br>Informasjon kring arbeidet med Setesdal næringsforum.   | Ref sak 2<br>førre møte |               |
| <b>3 – Førespurnad frå tilsette i Setesdal Bilruter L/L om kjøp av aksjar v/Steinar</b><br><br>Svein Arne fratrådde møtet under dette punktet.  |                         |               |

|  |  |      |
|--|--|------|
| Steinar og Sigbjørn, som i førre styremøte vart utpekt til å leie forhandlingane, orienterte om prosessen. Rita skisserte den vidare prosess.  |  |      |
| <b>4 – Samarbeidsavtale</b><br><br>Ønskeleg med eiga avsnitt som sier noko om kommunedirektørutvalet sin rolle og funksjon i samarbeidet, utover det som stend i gjeldande vedtekter og som omhandlar møte- og talerett. Innspel motteke, og dagleg leiar har ein dialog med leiar av kommunedirektørutvalet for å koma fram til formulering av nytt avsnitt. Blir eiga sak i kommunedirektørutvalet 25. mai 2021. Deretter tar ein sikte på å ha samarbeidsavtalen som sak i styre- og representantskapsmøte i juni.<br><br>Elles er det viktig at ein fyljar opp frå strategiprosessen med å informere i eigne kommunar. Kvar enkelt orienterte om kva som er gjort/hvilke planar ein har i så måte. |  | Rita |
| <b>5 – Eventuelt</b><br><br>Ingen tema meldt inn før møte.<br><br>Generell samtale kring korleis engasjere ungdommen i det regionale nivået – ref mellom anna synspunkta som kom fram undervegs i strategiprosessen, ungdommens distriktpanel osv.<br><br>Ein tilrår å samle dei kommunale ungdomsråda hausten/vinteren 2021 til eit felles fagleg/sosialt arrangement. Invitere inn eksterne ressurspersonar til å halde føredrag og gje perspektiv på arbeidet.  |  |      |
| <b>Neste møte</b><br><br>Ønskelig med fysisk møte om mulig. Rita følger opp med det praktiske.   |  |      |

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen  
dagleg leiar